

Sak: 5/2016: Forslag til nytt inntektssystem og kommunesamanslåing**Bakgrunn:**

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet har sendt ut på høyring eit nytt forslag til inntektssystem for kommunane, med høyringsfrist 1. mars 2016. Konsekvensane av dette forslaget for Nordhordland er belyst i eit notat frå NUI 22.01.16, både for dagens kommunar og aktuelle samanslåtte kommunar. Dette vart også presentert på Nordhordlandstinget 28.01.16.

Regjeringa sitt forslag til nytt inntektssystem vil bli tatt inn i kommuneproposisjonen i mai. Stortinget gjer vedtak i juni og nytt inntektssystem vil **gjelde frå 01.01.2017**. Det vil sei tre år før ein kommunesamanslåing vil ta til å gjelde.

I dagens system får **alle** kommunar eit basistilskott, i 2016 er det om lag 13,2 mill kr. I forslaget som er sendt ut vil ein framleis behalde basistilskottet, men det er berre dei kommunane som ufrivillig er «små» kommunar som vil få eit uavkorta basistilskott. Frivillig «små» er dei som har ein kortare avstand enn «strukturkriteriet – tal km» for å nå 5.000 innbyggjarar. Det er tre forslag til grenseverdier for strukturkriteriet – 13,3 km, 16,5 km eller 25,4 km.

Kommunane Meland, Lindås, Radøy, Osterøy og Austrheim vil ha ein reiseavstand som er kortare enn desse grenseverdiene for strukturkriteriet. Det betyr at desse kommunane vil få eit redusert basistilskott frå 2017.

Dersom kommunane gjer vedtak om samanslåing innan 1. juli 2016 vil den nye kommunen få eit inndelingstilskott som vil erstatte bortfall av basistilskott og eventuelle småkommunetilskott. Inndelingstilskottet vil bli berekna med bakgrunn i det basistilskottet som vert gitt i 2016.

Den nye samanslåtte kommunen vil ikkje få reduserte inntekter som følgje av endringane i inntektssystemet. **Men** ein del av dei kommunane som kan ha gjort vedtak om å gå inn i den nye kommunen «Nordhordland» vil tape inntekter i perioden 2017 – 2019. Årleg reduksjon i inntektene for kvar einskild kommune varierer frå 1,2 til 6,3 mill. kr årleg (valt strukturkriterium 16,5 km). Dersom t.d. Austrheim, Lindås, Meland og Radøy er med inn ein ny Nordhordlandskommunen vil reduksjon i inntektene for dei tre åra vere om lag 27 – 45 mill. kr, avhengig av kva kriterium som vert valt.

Regionrådet si vurdering:

Regionrådet ser det som uheldig at dei kommunane som har gjort vedtak om samanslåing skal få sitt basistilskott redusert i perioden 2017 – 2019. Det kan ikkje vere intensjonen med den endringa som er foreslått i inntektssystemet. Desse kommunane vil få ein krevjande periode etter vedtak om samanslåing med stort fokus på å bygge ein nye kommune. Samstundes skal den ordinære drifta av kommunen gå som før. Fokuset til kommunen bør i den perioden vere på å bygge den nye kommunen og ikkje nedskjæring i drifta. Den jobben vil krevje fullt fokus frå kommuneleiinga og det vil også krevje både menneskelege og økonomiske ressursar i «samanslåingsperioden».

Forslag til vedtak:

Regionrådet ber om at Kommunal- og Moderniseringsdepartementet i forslaget til nytt inntektssystem for kommunane syter for at dei kommunane som har gjort vedtak om samanslåing innan juni 2016 ikkje får redusert sitt basistilskott i perioden 2017 til 2019.